

Fra: Roald Breistein (Roald.Breistein@hfk.no)

Sendt: 14.10.2019 11:33:05

Til: Bente Utne

Kopi: bryland@deloitte.no; Espen Hordvik (ehordvik@deloitte.no); Nils Egil Vetlesand; Ingrid Kristine Holm Svendsen

Emne: VS: Ferdige sluttrapporter fylkesvegar

Vedlegg: Sluttrapporter fv 545 Rimbareid-Vik.pdf;Sluttrapport-Fv 61 Skrivarvegen.pdf

Takk for tilsende sluttrapportar.

Før vi kan legge dette fram for kontrollutvalet skal det reviderast av Deloitte slik det er vanleg for andre prosjektrekneskapar i Hordaland fylkeskommune. Det er fylkesrådmannen som har ansvar for at det vert gjort og vi viser i den samanheng til sak PS 37/18 frå fylkestinget 12.06.2018 der det i saksutgreiinga står m.a. dette:

«Fylkesrådmannen foreslår at dei nye rutinane skal gjelde alle sektorar i fylkeskommunen. Summen på 50 mill. kr inkl. mva. som grense for når prosjektrekneskap skal leggjast fram for godkjenning er samanfallande med grensa ein har i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Den gjeldande prosedyren frå rekneskapsavslutting til godkjent prosjektrekneskap foreslår fylkesrådmannen å halde fram med. Det medfører at avslutta rekneskap vert revidert før det vert handsama i kontrollutvalet. Fylkesrådmannen utarbeider deretter sak til det organet som har fastsett budsjettet for endeleg godkjenning av prosjektrekneskapet.»

Vi ber på bakgrunn av dette om at naudsynt dokumentasjon vert levert Deloitte slik at dei kan gjennomføre revisjonen. Det er fint om vi får eit lite varsel om når dette er send til Deloitte, slik at vi kan kontakte dei dersom gjennomgangen deira tar vel lang tid.

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune skal ha sitt siste møte 25.11.19 og det vil vera ei føremon om desse prosjektrekneskapa kan handsamast i dette møtet. Det betyr at Deloitte må levere sine beretningar til oss seinast innan 11.11.19.

Venleg helsing

Roald Breistein

Seniorrådgjevar

Sekretariat for kontrollutvalet

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Mob: 97 50 51 52

www.hordaland.no

Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse; både inngåande og utgåande e-post vert vurdert for ev. journalføring i vårt sak- og arkivsystem.

Fra: Bente Utne <Bente.Utne@hfk.no>

Sendt: fredag 11. oktober 2019 08:27

Til: Roald Breistein <Roald.Breistein@hfk.no>

Kopi: Hogne Haktorson <Hogne.Haktorson@hfk.no>

Emne: VS: Ferdige sluttrapporter fylkesvegar

Hei!

Her kjem to sluttrapportar frå Statens vegvesen.

Mvh Bente

Fra: Rong Kari Beate Onarheim <kari.rong@vegvesen.no>

Sendt: tirsdag 1. oktober 2019 15:20

Til: Bente Utne <Bente.Utne@hfk.no>; John Martin Jacobsen <John.Martin.Jacobsen@hfk.no>; Jon-Rune Smørdal <Jon-Rune.Smordal@hfk.no>

Emne: Ferdige sluttrapporter

Hei!

Overlevering av to rapporter.

- Stord vestsida delprosjekt Fv 545 Rimbareid-Vik
- Fv 61 Skrivarvegen del I

Mvh Kari Beate